


# Temaplan for kultur, idrett og frivillighet 2025-2036

*Utkast!*  
*Kva meiner  
DU om  
planen?*





# Innhold

1. Om planen og kultursynet i planen
2. Kulturens plass i samfunnet
3. Tre prioriterte satsinger
  - Velkommen til torgs
  - Kule Sola
  - Utandørskultur
4. Kulturlova
5. Kultursamarbeid i regionen
6. Status for kultur, idrett og frivillighet
  - Kultursektoren i Sola kommune
  - Tilgang til kultur, idrett og friluftsliv
  - Kulturbruken til barn og unge
  - Frivillig innsats og organisasjonsliv
  - Profesjonell kunst og kultur
7. Sola for alle




# 1. Om planen og kultursynet i planen

Plan for kultur, idrett og frivilligkeit (heretter kulturplanen) skal sikra aktiv styring av feltet. Planen viser kva Sola kommune skal prioritera, kva overordna mål ein skal nå og kva som er dei viktigaste strategiane for å nå desse måla.

Planen skal ha ein handlingsdel som blir rullert annankvart år, saman med ein statusrapport for utviklinga.

Planen legg til grunn eit breitt syn på kultur. Kultur handlar om korleis eit samfunn ser på seg sjølv og om verdiane og dei felles opplevingane og erfaringane som ligg til grunn for ein fellesskap.



## 2. Kulturens plass i samfunnet

Kultur er viktig for heile samfunnet og aktiv kulturpolitikk må til for å nå hovudmålet i kommuneplanens samfunnssdel: «i Sola skaper vi tilhørighet gjennom deltakelse».

Å ha ein aktiv kulturpolitikk i ein kommune kan gi positive helsegevinster, bygge sosial tilhørsle, vera ein ressurs i stadsutviklinga, legga grunnlaget for økonomisk verdiskaping og vera viktig for eit sunt demokrati. Å satsa på kultur kan vera ein kostnadseffektiv måte å oppnå positive gevinstar på område som folkehelse, demokrati og forebygging av utanforskap. Det viser rapporten [Kulturfeltets plass i samfunnsutviklingen](#), bestilt av KS.

Sola kommune legg dette synet på kultur til grunn. I alt planarbeid skal det derfor bli vurdert korleis det er relevant å involvera kulturliv, idrett og/eller frivillig sektor.



### 3. Tre prioriterte satsinger

- **Velkommen til torgs** handlar om møteplassar i samfunnet som styrkar fellesskapen og demokratiet.
- **Kule Sola** handlar om kulturens rolle i gjera Sola attraktiv å bu i og å komma til.
- **Utandørskultur** handlar om å satsa på nye tiltak ein stad Sola har stort potensial: ute.



**Velkommen til torgs**



# Velkommen til torgs

Sola kommunes visjon er: Ansvar for kvarandre.

Visjonen peikar mot ein dobbel ambisjon:

- Sola skal vera ein god stad å bo
- God samfunnsutvikling er avhengig av reelt samarbeid mellom det offentlege, frivillig sektor og næringslivet

Noko er naudsynt for å oppnå begge desse ambisjonane: Mange nok og gode nok torg der folk kan snakka og gjera ting saman – eller berre vera.

Inkluderande torg – møteplassar inne og ute – er viktig for demokratiutvikling, for god folkehelse, og for å dyrka den kjensla av fellesskap me treng for å klara å ta ansvar for kvarandre på ekte.



# Velkommen til torgs - strategiar

1. Sola kommune skal vera aktiv medspelar når lokalmiljø ønsker å utvikla inkluderande møteplassar og varierte nærmiljøanlegg.
2. Sola sentrum skal ha attraktive kvalitetar som samlande møteplass for folk frå heile kommunen.
3. Sola kulturhus skal utviklast vidare som eit universelt tilgjengeleg senter for ungdomskultur, gode opplevingar, frivilligheit og danning.
4. Frivillige organisasjonar og enkeltpersonar skal oppleva at det er lett å starta og halda fram med aktivitet i Sola kommune
5. Unge i kommunen skal oppleva at dei har reell påverknad i demokratiske prosessar.
6. Sola skal ha ein aktiv, demokratisk offentlegheit.



**Hovudmål: Sola har høg deltaking i kultur, idrett, frivilligheit og demokrati.**



# Kule Sola



# Kule Sola

Sola er ein integrert del av ein region med eit rikt kulturtild. Me kan samarbeida om mykje. Det gjer også at Sola kommune kan prioritera kreativt og modig i sin kulturpolitikk og skapa tilbod som ikkje finst i nabokommunane.

Det skal vera kult å vera frå Sola. Kulturplanen skal ha verkemiddel for å styrka stolthet og tilhøyrslle til kommune og lokalmiljø. Godt arbeid med kultur og identitet skapar betre fellesskap, som er ein føresetnad for kommuneplanen sin fordring om auka samarbeid og samskaping.

Sola sine historiske kulturverdiar kan vere attraktive for tilreisande og dermed grunnlag for berekraftig næringsutvikling.



# Kule Sola - strategiar

1. Innbyggjarane skal vera stolte over kommunen sin og veta kvifor det er grunn til å vera stolt.
2. Sola skal vera eit attraktiv mål for dagsturar frå regionen og for turistar frå inn- og utland.
3. Sola kommune skal vera aktiv bidragsytar og samarbeidspartner på det regionale kunst- og kulturfeltet.
4. Folk i overgangsfasar i livet – familier i etableringsfasen, ungdom og pensjonister – er prioriterte målgrupper for kommunal kulturverksemd.



**Hovudmål: Sola kommune er attraktiv som buområde, reisemål og samarbeidspartner.**



# Utandørskultur



# Utandørskultur

Sola har flott natur, tradisjon for rekreasjon og friluftsliv, unike utandørs kulturminne og kulturmiljø av nasjonal betydning.

Dei naturlege fortrinna kan bli utnytta til å skapa meir liv i heile kommunen og tiltrekka seg fleire tilreisande. God utandørskultur styrker bukvalitet, og det å røra seg ute betrar helsa til folk.


Med ein satsing på å få folk ut, bør nye tiltak innan kunst, kultur, idrett og frivilligheit ofte vera utandørs. Å satsa på arenaer, aktivitet og formidling ute er berekraftig med tanke på både økonomi og folkehelse.

Sola skal ta godt vare på naturverdiane sine.



# Utandørskultur - strategiar

1. Gangvegar, sykkelrutar og turstiar skal gje enkel og trygg tilgang til møteplassar, kulturopplevingar og rekreasjon.
2. Sola kommune skal støtta kulturarrangement, opplevingar og aktivitet som foregår ute.
3. Sola landskapsmuseum skal oppretta som ei satsing for å formidla landskapshistoria og utandørs kulturminne.
4. Sola skal ha ein strategi for meir utandørs kunst og estetisk utforming av utandørs møteplassar.
5. Det skal vera gode tilhøve for rekreasjon, sjøsport, ro og refleksjon, spesielt langs kysten.
6. Befolkinga skal halda i hevd kunnskapen om å brukha naturen på berekraftig måte.



**Hovudmål: Sola kommune har tilgjengelege friområde og gode utandørs kulturopplevingar.**



## 4. Kulturlova

Kulturlova blei revidert med verknad frå 1. juli 2025. Spesielt to endringar har direkte påverknad på arbeidet med kultur i kommunane:

- Lova slår no fast at kommunar skal ha ei skriftleg oversikt over status og utviklingsbehov på kulturfeltet og fastsetta overordna mål og strategiar for feltet. Kulturplanen, saman med rullering av status og handlingsplan, oppfyller lovkravet.
- Prinsippet om armlengds avstand er no lovfest. Det inneber at fagfolk, ikkje politiske styresmaktar, skal ta avgjersler som krev kunst- og kulturfagleg skjønn.

Lova forankrar no kulturpolitikken i kommunane i «infrastrukturkravet» i grunnlovas §100, som pålegg styresmaktene å legga til rette for eit ope og opplyst offentleg ordskifte. Kultur blir med dette klarare definert som ein grunnleggande del av den demokratiske infrastrukturen i samfunnet.



# 5. Kultursamarbeid i regionen

Nord-Jæren har eit integrert og sammanvokst kulturtildelning. For å lykkast med å få til eit brent og sammansatt tilbod til innbyggjarar i Sola kommune, er det naudsynt med samarbeid og arbeidsdeling i regionen.

[Regionalplan for kultur og idrett i Rogaland 2024-2036](#) legg føringar for utvikling av det regionale kulturfeltet og kvar kommune har sine unike prioriteringar. Dette skapar allereie eit mangfald av tilbod til publikum, kunstnarar og institusjonar. Sola kommune skal ta initiativ til auka samarbeid for å sikra blant anna fullverdig tilbod til ulike etniske og religiøse minoritetar, stor breidde i kulturtildelningen, samt talentutvikling innan eit stort mangfald av disiplinar.

Sola kommune vil bidra til det samla tilbodet i regionen gjennom ei satsing på utandørskultur til gode for heile regionen og gjennom arrangement og aktivitetar som tar utgangspunkt i kulturhistoria på Jæren, samt arrangement av høg kvalitet på Sola kulturhus og Sola ruinkyrkje. Kunstnarboligen på Rott skal utviklast vidare som kunstarbolig for regionen.

Sola skal støtta opp om Stavanger og Sandnes sin innsats for det profesjonelle kunstfeltet – det frie feltet og dei store institusjonane – blant anna i kontakt med statlige styresmakter.

Tilbod til unge skal vera breitt. Det er ønskeleg at denne gruppa skal ha gode tilbod nær der dei bur.



## 6. Status for kultur, idrett og frivillighet



# Kultursektoren i Sola kommune

Det er fire ulike kommunale kulturverksemder, organisert i Oppvekst og kultur:

- Sola bibliotek har hovudbibliotek i Sola kulturhus og filial i Tananger. Biblioteket skapar leselyst, bidrar til demokratisk danning og tilbyr ein inkluderande møteplass. Sola bibliotek har aktiv programverksemd, samarbeid med skular og barnehagar, og det er høgt bokutlån samanlikna med nabokommunane.
- Sola kulturskule har 900 elevplassar innan musikk, dans, teater og visuell og eit tilbod om fordjupning til ti musikkelevar. I tillegg til elevar i ålderen 9-15 år, er det kortilbod til vaksne og to grupper med tilrettelagt teater. Kulturskulen har høg oppslutning, med både elevtal og søkerliste over landssnittet.
- Sola fritid har eit brent spekter av populære tilbod til Solaungdom, blant anna Feelgood ungdomshus og Solafestivalen. Fritidsrettleiarar, fritidskontaktar og tilrettelagte fritidstilbod sikrar inkludering og like moglegheiter for alle grupper av ungdom.
- Fagstab kultur har offentlege forvaltningsoppgåver på kulturfeltet, i tillegg til ansvar for drift av kulturhuset og Sola ruinkyrkje, arrangement, administrasjon av frivillig arbeid og to frivilligsentralar, samt samarbeid med lag og organisasjonar.

Kulturverksemndene er samla på Sola kulturhus, men det er aktivitet i heile kommunen. Kulturskolen har i tillegg undervisning på skuler i heile kommunen, medan dansesal og visuell kunst er i Kornbergveien. Frivilligsentralane er på Stangelandsenteret og i Tanangerhallen. FeelGood ungdomshus har eit ope tilbod i alle dei tre distrikta.



# Tilgang til kultur, idrett og friluftsliv

Innbyggjarar i Sola kommune har i utgangspunktet svært god tilgang til eit breitt utval i heile regionen av tilbod innan idrett, kunst og kultur. Det er likevel skilnader på kor god tilgangen er internt i kommunen på grunn av ulik tilgang på kollektivtransport. I Sørabygda har unge under 18, og andre som ikkje køyrer bil sjølv, ikkje like enkel tilgang til eit breitt kultur- og idrettstilbod.

Dei fleste innbyggjarar i Sola har kort veg til innandørs eller utandørs idrettsanlegg og det er eit breitt utval av idrettsklubbar.

Ungdom har tilgang til opne fritidsklubbar oftare enn snittet for landet. Det manglar opent tilbod om fritidsklubb for unge under 13.

Innbyggjarar i Sola har relativt god og trygg tilgang til rekreasjonsareal. Det er færre enn landssnittet som har trygg tilgang til større, samanhengande område for turar i friluft, men Sola er her på nivå med Rogaland elles. Langs kysten fra Solastrand og sørover er det godt merka og tilgjengelege turstiar. Ved Hafrsfjord er det no god turveg frå Sørnes til Sømme, men framleis manglar store delar av den planlagde turvegen.



# Kulturbruken til barn og unge

Barn og unge har godt kultur- og idrettstilbod i Sola.

Sola bibliotek, med hovudbibliotek i Sola kulturhus og filial i Tananger, har høgt utlån til barn og god oppslutning om familiearrangement, men det er færre barnebøker i samlinga enn i snittet av kommunane. Det er ikkje bibliotek i Sørabygda.

Kulturskolen i Sola er meir populær enn i samanliknbare kommunar. 14,5% av unge mellom seks og femten fekk eit tilbod i 2024 og 7% sto på venteliste.

Ungdata-undersøkinga frå 2025 viser Solaungdom er litt meir aktive i både idrett og kultur enn landssnittet. Dei brukar også kommunale fritidsklubbar ofte, over dobbelt så ofte som snittet i Rogaland.



# Frivillig innsats og organisasjonsliv

Sola har eit aktivt organisasjonsliv. Idrettsrådet og kulturrådet har samarbeidsavtaler med Sola kommune, og ivaretar medlemmenes interesser.

Det er to frivilligsentraler i kommunen, Sola frivilligsentral på Stangelandsenteret og Tananger frivilligsentral i Tanangerhallen.

Sola kommune gir husleietilskot og driftsstøtte til lag og organisasjonar med aktivitet for medlemmar under 25 år. Det finst også ein ordning for driftstilskot til eldrelag.



# Profesjonell kunst og kultur

Sola kulturhus og Sola Ruinkyrkje er godt etablerte kulturscener. Utanom desse kommunalt eigde arenaene, er det ein del private scenar for kulturarrangement. Det er potensiale for betre koordinering og samarbeid på feltet, samt auka bruk av felles nettportal for arrangement.

Det er få registrerte profesjonelle kunstnarar bosett i Sola kommune og få profesjonelle aktørar med adresse i Sola som driv med kunst- /kulturproduksjon.

Fleire profesjonelle kunstnarar er tilsett ved Sola kultursskole. Dei gir viktige bidra til lokalt musikk- og kulturliv.

Sola kommune har ein kunstsamling med rundt 400 verk. Det er noko kunst i uterom, men det manglar ressurser til formidling av det som finst.



## 7. Sola for alle




# Sola for alle!

Sola for alle er et treårig prosjekt støtta av Sparebankstiftelsen SR-bank frå 2025 til 2028. Prosjektet skal involvera eit breitt sivilsamfunn for å skapa aktivitet og motivera til deltaking.

Sola for alle skal utvikla heile kultursektoren gjennom å skapa ny aktivitet, og prosjektet skal inspirera til effektiv og samskapande organisering.

Unge i kommunen er den viktigaste målgruppa i prosjektet.

Sola for alle er eit utprøvande prosjekt, med rom for eksperiment. I dei første to åra kulturplanen gjeld er Sola for alle utprøvingsarena for dei prioriteringane som kjem fram i planen.



**Løfte: Unge i Sola skal ha reell påverknad på utvikling av tilbod innan kultur, fritid og idrett.**





Sola  
kommune